

Stian Haukeland
Vetåsvegen 77
5938 SÆBØVÅGEN
Mobiltlf. 911 73352
E-post: stian@plastinvent.no

Haukeland 06.04.18.

Radøy kommune
Avdeling for byggesaker
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Byggesak 17/1425 gbnr. 84/7 og 16 Haukeland søndre – tilleggsopplysninger.

Viser til brev frå Radøy kommune datert 20.11.2017 der kommunen ber om tilleggsinformasjon om estetiske kvalitetar, fargeval, eksponering frå sjø og krav gitt i TEK17.

Tiltaka knytt sjøbua er tenkt utført i same utforming og i same material som det rekkverket som allereie er oppført langs fronten av sjøbua.

Det vil sei 0,9 meter høgt rekkverk med spiler malt med same raudfarge som sjøbua, sjå bilete. Plating og rampe vert også utført i same material- og fargebruk.



Tiltaka knytt til naustet er tenkt utført med same utforming som rekkverk rundt sjøbua, (0.9 meter spiler) utført i material type «Møre Royal», mørk brun. Same farge som er nytta i kledningen på naustet og same material som er nytta til kai framom naustet, sjå bilete.



Tiltaka vert utført etter krav i TEK17.

1. Rekkverk skal ha høyde og utforming som sikrer mot fall og sammenstøt, og skal utformes slik at det forhindrer klatring.
2. Rekkverk i trapper og ramper skal ha høyde minimum 0,9 m. over gulv eller trinn. Høydekravet gjelder også rekkverk på mellomrepos og returverk på repos.
3. Balkonger, terrasser, tribuner, passasjer og lignende skal ha rekkverk med høyde
 - a) Minimum 1,2 m. der nivåforskjellen er mer enn 10,0 m.
 - b) Minimum 1,0 m. der nivåforskjellen er inntil 10,0 m.
4. Nivåforskjeller til terrenget eller underliggende plan som er mindre enn 3,0 m kan sikres på annen forsvarlig måte enn med rekkverk.
5. Åpninger i rekkverket skal være maksimum 0,10 m opp til en høyde på minimum 0,75 m. For rekkverk over 1,0 m skal åpninger i rekkverket være maksimum 0,10 m i høyde opp til minimum 0,25 m under topp av rekkverk. Den horisontale avstanden mellom en bygningsdel og det utenpåliggende rekkverket skl være maksimum 0,05 m.

Estetisk vurdering.

Tiltaket vert prosjekterast og utført slik at det etter mitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Ved å nytte same materialar og same farge som bygningen rekkverket vert knytt opp mot vil dette gje eit godt visuelt bilde og vere estetisk tilpassa omgjevnadane. Fjernverknaden vil verte dempa og ikkje gje noko særleg grad av eksponering frå sjø.

Med venleg helsing

Stian Haukeland